

«Samisk religion» i dag: kyrkjeliv, urfolksidentitet og nyreligiøsitet

Av Trude Fonneland, førsteamanuensis, Institutt for lærerutdanning og pedagogikk, UiT Norges arktiske universitet og Torjer Andreas Olsen, førsteamanuensis, Senter for samiske studier, UiT Norges arktiske universitet.

Innleiing

I Læreplanverket for grunnskulen knytt til faget Religion, Livssyn og Etikk heiter det at elevane skal: «beskrive hovedtrekk i samisk før-kristen religion og overgangen til kristendom», «gi en presentasjon av Den norske kirke, læstadianisme og samisk kirkeliv» og «gjøre rede for nye religiøse bevegelser og samtale om ulike former for nyreligiøs og naturreligiøs praksis, herunder urfolks naturreligion». I desse kompetansemåla ser me at samiske forhold er knytt til ein førkristen religion, til læstadianisme, til eit eige samisk kyrkjeliv, som kan verka å framstå som på side av Den norske kyrkja, og til slutt koplast samiske religionsuttrykk eller urfolks naturreligion, som det heiter i læreplanmålet, til nyreligiøsitet og naturreligiøs praksis. I læreplanen for Religion og etikk kjem samiske og urfolksrelaterte tema til uttrykk i kompetansemåla: Elevane skal kunne «presentere hovedtrekk ved religions- og livssynsmangfoldet i lokalsamfunnet og storsamfunnet i Norge, inkludert religion og livssyn i samiske samfunn», og «drøfte etiske verdier og normer knyttet til urfolks kulturer og tradisjoner».¹

I artikkelen ynskjer me å problematisera den konteksten som her legg rammene for korleis samiske religionsforhold kan verta forstått og formidla. Vårt utgangspunkt er at religion i det samiske samfunnet er eit mangfaldig fenomen som på mange

¹ <http://www.udir.no/kl06/RLE1-01/Kompetansemaal/?arst=372029323&kmsn=189205472>, lasta ned 3.02.2015.

område bryt og spring utover dei rammene som læreplanen presenterer. Vårt fokus er religion i samiske samanhengar i dag og me løftar fram to hovudområder; kristendom og nyreligiøsitet.²

Kristendom

I ein tilstandsrapport for Den norske kyrkja frå 2013 knytt til temaet samisk kyrkjeliv (KIFO) kan me lesa at det ikkje er noko stor skilnad mellom det samiske samfunnet og det norske samfunnet når det gjeld religion.

I Noreg har me ikkje statistikk basert på etnisk identitet. Det gjer at me ikkje har eintydige tal som viser kva samar meiner, gjer eller seier. I staden må me sjå på geografi, språk og byråkrati. I rapporten om samisk kyrkeliv kjem det fram at i kommunane som er del av det samiske språkforvaltingsområdet, er tala høgare enn landssnittet når det gjeld kyrkjedeltaking og medlemskap i Den norske kyrkja. Såleis ser det ut til at samar i noko høgare grad enn norske let ungane sine døype og verte konfirmerte, giftar seg i kyrkja og vert gravlagde kyrkjeleg. Statskyrkja ser ut til å stå sterkare, relativt sett, i Sápmi/Sabme/Saepmie enn i Noreg. For å nå fram til årsakene bak tala krevst like fullt eit større forskingsarbeid.

Fleirtalet av samane er medlem i statskyrkja. Sjølv sagt er ikkje dette det same som å vere kristen. I alle høve gjev det ein peikepinn på at kyrkja og kristendommen speler ei viss rolle. Den norske kyrkja rommar fleire ulike former for kristendom – frå dei som berre er medlem utan at dei nyttar kyrkja stort, til dei som er meir og mindre aktive kyrkjegjengarar, eller til dei som høyrer til ei læstadiansk forsamling.

²Å skrive om det samiske samfunnet og om samisk historie ber i seg nokre utfordringar knytt til val av ord og namn. Sápmi, Sabme og Saepmie er alle namn du kan nytta om det området som på norsk kan heite Sameland. Sápmi er nordsamisk, Sabme er lulesamisk og Saepmie er sør-samisk. Desse tre språka er alle offisielle samiske språk. Vi vel her å skrive alle tre namna når vi snakkar om tema som ikkje er spesifikke for eit område. Det krev litt meir plass, men er likevel eit balansert val. Ingen får forrang, og vi vel eit samisk namn framfor eit norsk namn.

Den læstadianske vekkinga er ein vesentleg del av historia på Nordkalotten på 1800-tallet. Læstadianismen startar i svensk lappmark, og er i starten ei rørsle der dei fleste er samar. Samstundes er det viktig ikkje å gjere læstadianismen til ei samisk rørsle eller å framstille læstadianismen som den samiske kristendommen (Olsen 2006). Læstadianismen vert etter kort tid ei rørsle som overskridet etniske grenser. Allereie på 1860-talet er det både norske, svenske, finske og samiske læstadianarar. I tillegg nådde aldri læstadianismen til dei sør-samiske områda. Når læstadianismen har ein plass i samisk historie, er det fordi han pregar store deler av dei samiske samfunna. Særleg før midten av 1900-talet fungerer dei læstadianske forsamlingane som stader der samisk og finsk språk og identitet får leve og utfalde seg. Fornorskinga gjer likevel at også læstadianarane i Noreg i stadig større grad definerer seg som norske og snakkar norsk. I dag vil likevel eit fleirtal av læstadianarane i Norden sjå på den samiske arven som ein del av historia til rørsla. I Nord-Troms, Ofoten og delar av Finnmark vert også predikantane sine talar anten tolka til eller frå samisk.

Læstadianismen er i dag ei rørsle med forgreiningar over nesten heile verda. I Noreg er læstadianismen det me kan kalla ein ganske typisk konservativ vekkingskristendom. Han er styrd av leikpredikantar som både er dei som talar i forsamlingane og dei som har den formelle makta i rørsla. Predikantane talar om å leve eit sant, nøysamt og måtehalde kristen liv, noko som inneber å halde ein viss avstand til verda. I forsamlingane er det likevel fleire ulike måtar å tolke dette på.

Det er fleire læstadianske retningar eller fraksjonar i Noreg. Dei største er dei *førstefødde* (Ofoten/Lofoten/Øst-Finnmark), dei *småførstefødde* (Alta), *gamallæstadianarene* (Ofoten/Øst-Finnmark) og to fraksjonar av *lyngenlæstadianarane* (Troms/delar av Finnmark). I den siste nyttar ikkje lenger kvinnene skaut eller slør i forsamlinga, dei les Luther heller enn Læstadius, og den såkalla «rørelsen» eksisterer ikkje meir. Rørelsen er viktig hjå dei andre. Rørelsen er ein del av forsamlingane der deltakarane vert sterkt kjenslepåverka av syndenaud, før dei vert glade av nåden og tilgjevinga som predikantane og andre medkristne

kan tilseie dei. I forsamlinga kan dette koma til uttrykk gjennom tårar, hulking, latter, skriking og andre kjensleutbrot.

Der me finn eit klårt uttrykk for ein eksplisitt samisk form for religiøsitet, er som ein del av Den norske kyrkja. I 1993 vart Samisk kyrkjeråd oppretta som eit organ for samiske og urfolksrelaterte saker innafor kyrkja.

Naturen og samane sin nærleik til naturen vert i kyrkjelege samanhengar snakka om som noko særeige. Tore Johnsen, generalsekretær i Samisk kyrkjeråd, skreiv i 2007 den første originale samiske katekismen *Jordens barn, Solens barn, Vindens barn* (Johnsen 2007). Boka er skrive for å lære samiske barn og unge om kristendom og om samisk tradisjon og tankesett, og for å syne at samiske tradisjonar har ein plass innafor kristendommen: Kristus og komagband høyrer saman, seier Johnsen. Han samanliknar og sidestillar også Kristus sin plass i kristendommen med sola sin plass i samisk tradisjon og kultur. Når Johnsen skildrar kva samisk historie, kultur og identitet er, vert naturen og nærleiken til naturen ein definierande faktor. Naturen vert noko heilagt som kan kome til uttrykk i reinflokkene, havet og fjellet. Og for dei som bur i byen, kan «åndens pust» vere noko du ikkje legg merke til.

Omtrent det same kan me sjå på nettstaden www.osko.no, som er Den norske kyrkje sin nettstad for kristen trusopplæring for samiske barn og unge. Nesten heile nettstaden er via til å knyte saman kristendommen og samiske tilhøve og tradisjonar, herunder tradisjonell samisk nytte av og ferdsel i naturen. Om du til dømes klikkar på eit bilet av ei bjørk, kjem du inn på sider der du både lærer om bjørka sin plass i samisk tradisjonell nytte av naturen og om Jesus som vart hengt på eit kors av tre.

Torger A. Olsen hevdar i ein artikkel (2014) at katekismen og nettstaden har ei potensielt ekskluderande side. Dei mange samane som i dag bur i byar og tettstadar, ser ut til å forsvinne. Når kyrkja skildrar samisk kyrkjeliv, er det med ei harmoniserande og tilnærming som gjer avvikande idear og praksisar bortimot usynleg.

Samisk kristendom har og kome til uttrykk gjennom gudstenester. Fleire prestar har teke inn element frå samisk tradisjon, kultur og førkristen religion i kyrkjelege gudstenester. Dei har nytta førkristne offerplassar som gudstenestestader og teke både språk og joik inn i gudstenestene. Kyrkja har som eit resultat av desse initiativa innført eigne liturgiar på sørsamisk, nordsamisk og lulesamisk. Salmeboka inneheld songar på dei same språka.

I dei kyrkjelege tekstane er det også viktig å fortelje om samane som del av eit global fellesskap av urfolk. I Tore Johnsen sin katekisme ligg Sioux-indianaren Black Elk sin metafor om livssirkelen til grunn: «Alt som er skapt hører saman i et stort fellesskap preget av harmoni og helhet» (Johnsen 2007: 26).

Den samiske læreplanen for faget Religion og etikk skil seg frå den norske læreplanen når det er snakk om urfolk. Der fleirtalsskulen sin plan har nokre få formuleringar om samisk livssyn og religion, har den samiske læreplanen via ein hovuddel av faget til området «Sirkumpolare urfolksreligionar og islam». Det inneber at også urfolksperspektivet her vert spissa. I staden for å vere globalt retta, er det retta mot det såkalla sirkumpolare området. Religionshistorikarane Bengt-Ove Andreassen og Torjer A. Olsen skriv at omgrepet «sirkumpolare urfolksreligionar» er eit merkverdig omgrep som ein omtrent berre finn i skulesamanhangar. Læreplanen er tvitydig, men ser ut til å seie at sirkumpolare urfolksreligionar stort sett er ikkje-kristne, skriftlause naturreligionar med mange fellestrekks (Andreassen og Olsen 2015). For lærarane er dette ei utfordring. Me vil oppmode lærarar til i staden å ha som utgangspunkt at sirkumpolare urfolksreligionar og samisk religion er mangfaldige storleikar som er best å sjå som berarar av ei rekke ulike praksisar og idear.

Nyreligiøsitet i Noreg

I læreplanen for grunnskulen koplast omgrepa nyreligiøsitet og urfolksnaturreligion. Denne koplinga kan tenkast å henga saman med korleis feltet nyreligiøsitet har vorte framstilt i forskingssamanheng og korleis utøvarar innanfor dette feltet sjølve framstiller sin religion.

På den nyreligiøse marknaden har det vakse fram ei interesse for urfolk, der førestellingar om urfolk sine kulturar og tradisjonar vert framstilt i ein gjengklang av noko magisk ekte og eksotisk. Interessa kan sporast attende til 1960-talet sine motkulturar, og i særleg grad til samspelet mellom den vestlege utanomparlamentariske miljørørsla og den nyreligiøse rørsla. Desse rørlene kom til innanfor same tidsrom og har undervegs utveksla idear og førestellingar, særleg med tanke på medvit om økologiske livsformer og fasinasjon for verda sine urfolk. Frå 1990-talet og utover har denne interessa vorte stadig meir overgripande, og pregar i dag eit mangfald av dei nyreligiøse orienteringane (sjå Geertz 2004).

Frå tusenårsskifte kan me spora endringar i den nyreligiøse marknaden i Noreg. Eit vaksande fokus på det unike ved det arktiske nord, ved urfolk generelt og samar spesielt, får fotfeste. Endringane kjem til uttrykk gjennom tradisjonelle nyreligiøse tilstellingar som alternativmesser og ulike typar av nyreligiøse kurs og arrangement (sjå Andreassen og Fonnland 2002/2003, Christensen 2007). På desse tilstellingane marknadsfører nysjamanar og andre New Age entreprenørar sine varer og tenester og publikum si interesse for denne typen arrangement aukar år for år (Kraft 2011:71).

I tråd med desse endringane har eit samisk sjamanistisk felt teke form og eit vaksande antal samiske sjamanar tilbyr sine tenester frå eigne heimesider på Internett, gjennom kursverksem, bøker og utdanningsmateriell (sjå Fonnland 2010). Opprettinga av Sjamanistisk Forbund kan løftast fram som eit siste tilfang til denne utviklinga. Sjamanistisk forbund (SF) er eit trudomssamfunn som vart offentleg godkjend av fylkesmannen i Troms i mars 2012. Godkjenninga inneber at sjamanar no har rett til å tilby og utføra livsfaseritar som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder og at dei får økonomisk stønad relatert til medlemstalet. SF si målsetjing er å revitalisera samiske og

norrøne religiøse tradisjonar og forbundet kan seiast å ta form i eit forhandlingsrom mellom religiøse visjonar, eit offentleg lovverk, globale trendar og lokale konstruksjonar (Fonneland 2014).

Det auka fokuset på samiske religiøse symbol og uttrykk innanfor nyreligiøsitet i Noreg kan seiast å vera del av breiare idéhistoriske straumar som har sett sitt preg på nyreligiøsitet, men også på den vestlege kulturen i sin heilskap. Den konstruksjonen av verdas ”urfolk” som ”naturfolk” som kjem til uttrykk innanfor nyreligiøsitet på eit globalt plan (og i læreplanverket) inngår i ein primitivistisk tendens med band langt attende i tid. Religionshistorikaren Armin Geertz har i sine studiar diskutert og problematisert denne type konstruksjonar frå eit religionsvitakapleg og antropologisk perspektiv. Han påpeikar at stereotypifiseringa av ”dei andre” byggjer på ein filosofisk posisjon med røter i antikken, nemleg primitivismen. Primitivisme er tenkemåtar og førestellingar der ein tildeler naturen normgjevande vekt, og der ein hevdar at det mest fullkomne menneskelege tilværet fanst i urtida eller finst i ”naturen” (Geertz 2004:37–53; 1994:3–29; 1992:6–8, von Stuckrad 2002).

Samisk sjamanisme

I hovudsak er det tre akademikarar som vert framheve når den nysjamanistiske rørsla sin intellektuelle bakgrunn skildrast, nemleg religionshistorikaren Mircea Eliade og antropologane Carlos Castaneda og Michael Harner. Deira tekstar om emnet har hatt så stor innflytelse at ein kan omtala bøkene deira som dei kanoniske tekstane innanfor vestleg nysjamanisme (sjå Hammer 2014).

Antropologen Michael Harner løftast gjerne fram som den som utviklar sjamanisme som eit praksisfelt. Harner forlét akademia til fordel for å undervisa i sjamanistiske teknikkar i det han kalla kjernesjamanisme på Foundation for Shamanic Studies i Esalen, California. Hans banebrytande tekst *The Way of the Shaman*, (1980), har status som ei av dei fremste lærebøker for dagens nysjamanar. Ein del av visjonen som vert uttrykt i *The Way of the Shaman* er at folk frå ulike kulturar kan byggje vidare på kjernesjamanismen ved å leggje

til element frå deira eigen bakgrunn og religiøse tradisjonar (Harner 1980).

Kjernesjamanisme vert i dag rekna som ei av hovudretningane innan nysjamanisme.

Harner sine idear er omstridt blant utøvarar av sjamanisme, men mange av pionerane bak dei formene for sjamanisme som har utvikla seg i Norden fekk sine fyrste erfaringar med feltet på Harner sitt kurssenter i USA. Det gjeld også for han som kom til å verta den fyrste samiske sjaman, nemleg Ailo Gaup (1944-2014). Ailo si historie fortel om globale påverknader og lokale tradisjonar, inkludert – med tanke på det samiske - skjeringspunkt mellom kulturell og religiøs nyskaping.

Ailo vart fødd i 1944 i Kautokeino. Som nyfødd vart han overlevert til Samemisjonen og seinare adoptert av ein norsk familie på Austlandet. Slik mista han også tilgang til samisk språk og kultur. I vaksen alder bestemte Ailo seg for å leita etter røtene sine, men han hadde også eit ynskje om å søkja etter åndeleg rettleiing av ein *noaidi* (ein førkristen samisk religiøs spesialist). I Finnmark deltok Ailo i demonstrasjonane mot utbygginga av Alta Kautokeino elva. Desse demonstrasjonane skildrast gjerne som ei vogge for ei samisk kulturell vekking (Hætta 2002). Menneske med ulik bakgrunn som hadde som formål å forbetra den politiske situasjonen for samane byrja å utforska gamle samiske kulturar og leita etter byggjesteinar for nye og stolte samiske identitetar.

Ein person som fekk særleg innflytelse på Ailo, også i ein religiøs samanheng, var Mikkel Gaup, på folkemunne kalla «Mirakel-Mikkel», ein kjend og myteomspunnen mann i etterkrigstida sitt Noreg. Han var også kjend utanfor Noreg, og bar her tilnamnet «Healing Fox» (Gaup 2005:86, Strøm 2013:102). Fram til byrjinga av 1990-tallet omtala nærmiljøet og han sjølv seg som «lesar» (Fonnland 2010:156). Det indikerer, at han brukte ord og formlar i sin praksis og at han var nært knytt til ein læstadianisk kontekst. Men for Ailo var Mikkel ein sjaman, nærare bestemt: «for meg var Mikkel en *noaidi* i den gamle tradisjonen» (Gaup 2005:86).

Den læstadianske rørsla kom til å spela ei sentral rolle i spørsmålet om samtidas samisk sjamanisme sin autentisitet. Spørsmålet om autentisitet vart løyst, delvis ved å portrettera

læstadianismen som ein ivaretakar snarare enn som ein øydeleggar av tradisjonelle samiske livsformer - ei førestilling som historikar Henry Minde skildrar som "den kulturelle konserveringstesa" (1998:8). Sjølv om læstadianismen tradisjonelt har vore ein tilfluktsstad for samisk identitet, er ideen om at kjerna i førkristen samisk religion har vorte halden i løynd og ivaretaken innanfor læstadianske trusretningar, mindre sannsynleg. Dette har likevel ikkje forhindra moderne samiske sjamanar frå å spela vidare på denne tesa for å kunna visa til ein kontinuitet med ei idealisert samisk fortid.

Inspirert av erfaringar frå tida i Finnmark bestemte Gaup seg i 1986 for å ta fatt på sjamanvegen og flytta til California der han tok del i sjamanistiske kurs organisert av den nemnde antropologen Michael Harner. Etter å ha fått opplæring i kjernesjamanisme, etablerte Gaup seg som ein profesjonell sjaman i Oslo. Her utvikla han sjamanskulen *Saivo* basert på sin nyerverva kunnskap.³ Det er også desse sjamanskulen som har hatt breiast oppslutnad i Noreg. Alle dei etablerte sjamanane som eg intervjua i samband med mi doktoravhandling frå 2010 hadde fått opplæring av Ailo og delteke i eitt eller fleire av hans sjamansamlingar. Også Ailo sine bøker *Sjamanson* (2005) og *Inn I naturen: Utsyn fra Sjamanson* (2007) er sentrale i forhold til utvikling av samisk sjamanisme i Noreg.

Samisk sjamanisme er eit kjernelement i samtidsreligiøsitet i Noreg. Dei mest profilerte sjamanane i dag Eirik Myrhaug, Ronald Kvernmo, og Kyrre Gram Franck held alle kurs i samiske sjamanisme og, med unntak for Franck, har dei alle publiserte bøker om emnet (sjå Kvernmo 2011, Brunvoll og Brynn 2013). Presentert som visdom frå urfolk generelt og samar spesielt oppfyller samisk sjamanisme åndelege behov, men også meir daglegdagse behov knytt til turisme, merkevarebygging og underhaldning.

I utviklinga av feltet samisk sjamanisme i Noreg, trekkjer utøvarane på ei rekkje ulike kjelder. Dei leitar etter inspirasjon gjennom litteratur om førkristne religionar, gjennom

³ Ordet sáívu (saajve) vart i førkristen samisk religion ofte nytta synonymt med jábbmeájmmo som namnet på det underjordiske dødsriket. I det sør-samiske området refererer Sáívu (saajve) til eit "heilagt fjell", medan den same termen i nordsamisk område nyttast om "heilage innsjøar" eller offerplassar (sjå Mebius, 2003:82-83).

populærkulturen, meditasjon, og ulike nyreligiøse kurs. I forhold til denne sjongleringa av ulike kjelder og openheit mot tradisjonar frå eit mangfald av kulturar, korleis skil samisk sjamanisme i Noreg seg frå sitt amerikanske opphav? I artikkelen "Sami Neo Shamanism and Indigenous Spiritualiy" (2013), hevdar Trude Fonneland og Siv Ellen Kraft at Ailo Gaup, har fylgt ei rute påpepeika i Harner si lære. En del av Harner sin visjon var at menneske med ulik bakgrunn skulle byggje vidare på kjernesjamanisme ved å leggje til element frå deira eigne lokale religiøse og kulturelle tradisjonar (Harner 1980). I denne prosessen av tilpassing og kontekstualisering oppstår like fullt nye meningar, produkt og idear. Desse nye sjamanistiske variantane påverkar også det globale feltet; utviklar seg hele tida og yter påverknad.

Når omgropa nyreligiøsitet og urfolksnaturreligion knytast saman i læreplanen handlar det akkurat om dei prosessane som her løftast fram. Konstruksjonen av urfolk som naturfolk inngår i ein primitivistisk tendens med band langt attende i tid og ein kjernearena for denne typen uttrykk er nettopp nyreligiøsitetten her urfolk idealiserast og løftast fram som førebilete så vel i religiøse som i sekulære samanhengar.

Avrunding

Religion i dei samiske samfunna i dag er eit mangfaldig fenomen. Nokre er kristne - på fleire ulike vis. Nokre praktiserer ulike former for det me kan kalla nyreligiøsitet, medan andre ikkje bryr seg om religion i det heile. For enkelte er det viktig å trekke fram den samiske dimensjonen ved religionen - utan at det er fort gjort å definere kva ein samisk dimensjon er eller kan vere.

Litteraturliste

Brunvoll, Bente, and Grace Brynn. 2011. *Eirik Myrhaug: Sjaman for livet*. Oslo, Nova Forlag.

Christensen, Cato. 2007. "Urfolksspiritualitet på det nyreligiøse markedet. En analyse av tidsskriftet Visjon/Alternativt Nettverk." *Din: Tidsskrift for religion og kultur* 1: 63-78.

Fonneland, Trude. 2014. "Sjamanistisk Forbund: Ein ny religiøs organisasjon tek form," *Din. Tidsskrift for religion og kultur* 1: 93–112.

Fonneland, Trude & Siv Ellen Kraft 2013. "Sami Shamanism and Indigenous Spirituality," Gilhus and S. Sutcliffe (red) *New Age Spirituality: Rethinking Religion* 132-145 Durham, Equinox Press.

Fonneland, Trude 2010. *Samisk nysjamanisme: i dialog med (for)tid og stad.* Doktoravhandling, Universitetet i Bergen.

Gaup, Ailo 2005: *Sjamansonen*. Oslo, Tre bjørner forlag.

Gaup, Ailo 2007: *Inn i naturen. Utsyn fra Sjamansonen*. Oslo, Tre bjørner forlag.

Geertz, Armin 1992: Høvding Seattle. Nutidens håb, urtidens profet? I: *Religion Tidsskrift for Religionslærerforeningen for Gymnasiet og HF* nr. 3: 6-19.

Geertz, Armin 1994: Religionsvidenskabens primitivitetsoppfattelse. Kritik og nyere erkendelser. I: *Religionsvidenskabelig tidsskrift* 25: 3-39.

Geertz, Armin 2004: Can We Move Beyond Primitivism? On Recovering the Indigenes of Indigenous Religions in the Academic Study of Religion. I: Jacob K Olupona (red.): *Beyond Primitivism. Indigenous Religious Traditions and Modernity*, 37-70. New York, Routledge.

Hammer, Olav 2014. "Late Modern Shamanism: Central Texts and Issues". Kraft, Siv Ellen, Trude Fonneland & James Lewis (red). *Nordic Neoshamanisms*, 13-29 New York, Palgrave Macmillan.

Harner, Michael 1980: *The Way of the Shaman a Guide to Power and Healing*. San Francisco, Harper & Row.

Hætta, Odd Mathis. 2002. *Samene: Nordkalottens urfolk*. Kritiansand: Høyskoleforlaget.

Johnsen, Tore 2007. *Jordens barn, solens barn, vindens barn. Kristen tro i et samisk landskap*. Oslo: Verbum.

Kraft, Siv Ellen 2011. *Hva er nyreligiøsitet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kvernmo, Ronald 2011. *Sjamanens hemmeligheter*. Privat forlag.

Minde, Henry. 1998. "Constructing 'Laestadianism': A Case for Sami Survival?" *Acta Borealia: A Nordic Journal of Circumpolar Societies* 15(1): 5–25.

Olsen, Torjer 2006. "Læstadianismen - vekkelseskristendom i Sápmi?". *Religion og livssyn* 2/2006.

Olsen, Torjer 2011. "Samisk kristendom i ny drakt. En analyse av en samisk katekisme". *Norsk teologisk tidsskrift* 2/2011.

Olsen, Torjer 2014. "The Exclusive Nature. Sami Christianity in the Age of Eco-Indigenism". *Journal of Religion in Europe* 3-4/2014.

Stuckrad, Kocku von. 2002. "Reenchanting Nature: Modern Western Shamanism and Nineteenth-Century Thought." *Journal of the American Academy of Religion*, 70(4): 771–799.